

PROTOKOLL NR. : 02 09-11

FRÅ : ALPINKOMITEEN

STAD/DATO : Telefonmøte, 24. september 2009

TIL STADES : Lilly Schøyen, Atle Hamar, Roar Birkeland og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL : Rune Espe og Martin Hopland

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 10 09-11 **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 09-11**
Sak 11 09-11 **Gruppeinndeling i samband med Fjord1 samlingane 2009/ 2010**
Sak 12 09-11 **Val av hovudleiar til Fjord1 samling i Hintertux 04.-11. oktober 2009.**

Eventuelt

Sak 10 09-11 **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 09-11**
Bakgrunn
Innkalling, sakliste og protokoll nr 01 09-11 er utsendt på førehand.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 09-11

Sak 11 09-11 **Gruppeinndeling i samband med Fjord1 samlingane 2009/ 2010**
Bakgrunn

Med bakgrunn i Fjord1 samlinga på Juvass i september ynskjer leiar i alpinkomiteen å drøfte praksis m.o.t. kva treningsgruppe løparane på krinslaget skal vere tilslutta.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at krinslaget i alpint primært skal vere tilslutta gruppe nr. 1. Dersom denne gruppa blir for stor i samband med enkelte samlingar skal løparane flyttast til gruppe nr. 2. I slike tilfelle skal løparane differensierast m.o.t. alder.

Trenar har det avgjerande ordet når treningsfaglege eller praktiske omsyn gjer at endringar i gruppesamansetjing er naudsynt, oftast midlertidig. Dette gjeld t.d. situasjonar for å utnytte trenarkapasitet best mogeleg, utnytte kapasiteten i trasear der vi trenar, og sikre at løparane får flest mogeleg runder. Det kan også gjelde situasjonar der t.d. ein eller to løparar går over til ei anna gruppe i ei eller fleire økter, fordi den gruppa trenar på element som akkurat dei løparane må fokusere på der og då.

Sak 12 09-11

Val av hovudleiar til Fjord1 samling i Hintertux 04.-11. oktober 2009.

Bakgrunn

I samband med Fjord1 samlinga i Hintertux skal alpinkomiteen velje hovudleiar. Til liks med føregåande samlingar i Hintertux får hovudleiar dekka reise og opphald av Sogn og Fjordane Skikrins.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Roar Birkeland skal vere hovudleiar i samband med samlinga i Hintertux.

Eventuelt

Sak 13 09-11

Orientering om Sogn og Fjordane Skikrins sine nye nettsider

Sak 14 09-11

Gruppeinndeling i samband med samling i Hintertux

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, alpinkomiteen

Ref.

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef